

Lengeverande ureturnerbare asylsøkarar må få leve verdige liv i Noreg

«Jeg har ingen ting. Ingen rettigheter. Jeg vet ikke om de tenker jeg er et menneske eller et dyr eller en stein»; sa Yemane Tefari kort tid før han døde. Yemane budde mesteparten av sitt vaksne liv på ulike asylmottak kring i Noreg.

Ureturnerbare og papirlause lever tiår etter tiår utan nokon rettar i det norske samfunnet. Dei er henvist til å bu på asylmottak med 60 kr dagen til livsopphald. Dei har ingen moglegheiter til å ta seg jobb og forsørge seg sjølve og familien. Dei er utan moglegheiter til basale menneskerettar som rett til utdanning, rett til arbeid, rett til basis helsetenester, retten til å ha ein tilfredsstillande levestandard med personleg fridom. Det er 750 menneske med denne status, norske kommunar har plass til desse.

Menneskerettane er laga for å sikre at vi tek vare på dei mest sårbare gruppene i samfunnet, som barn, eldre, dei som er annleis. Ureturnerbare er menneske som gradvis blir meir sårbare. Barn som veks opp med ureturnerbare foreldre er dei fattigaste og av dei mest sårbare barna i samfunnet vårt.

Asylmottak er ikkje meint å vere ein stad ein skal opphalde seg lenge. Dette seier UDI sjølv. Då er det desto større grunn til å beskytte ureturnerbare mot å få dette som sin varige heim, når mange av dei likevel blir her. Det er heller ikkje riktig at barn skal måtte flytte så mange gonger når mottak etter mottak blir lagt ned. Dei får ikkje slå rot nokon stad.

Det er meiningslaust og uholdbart at vi som samfunn skal fortsette å tole at menneske i blant oss må leve slik. Kva menneskeverd ligg til grunn når dei ikkje får helsehjelp før dei er så alvorleg sjuke at dei er i fred med å dø.

Det er ulike grunner til at menneske lever i limbo. Felles for dei er at dei ikkje kan sendast til noko land – ureturnerbare.

Menneske som er ureturnerbare må få moglegheit til å leve normale liv i samfunnet vårt. Dei må få moglegheit til å lære språk, ta utdanning og skaffe seg arbeid. Vi krev at menneske som er ureturnerbare / lengeverande ureturnerbare i Noreg må få rett til å ta seg arbeid, bustad utanfor asylmottak og rett til grunnleggande helsehjelp.